



SØKNAD OM TILSKOT FOR BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE ETTER BARNEHAGELOVA § 19 G

Barnehagelova

Sykkylven kommune viser til barnehagelova § 19 g:

«Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Plikta til tilrettelegging omfattar ikkje tiltak som inneber ei uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderinga av om tilrettelegginga inneber ei uforholdsmessig byrde, skal det særleg leggest vekt på tilretteleggingas effekt for å bygge ned funksjonshemmande barrierar, dei nødvendige kostnadane ved tilrettelegginga og verksemda sine ressursar. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne».

I merknadane til lova står det at «Kommunen si tilretteleggingsplikt gjeld tiltak som er nødvendige for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehageplassen. Kommunen si tilretteleggingsplikt etter barnehagelova inneber ikkje at kommunen må finansiere tilrettelegging som den enkelte barnehage er pålagt som følgje av krav i barnehagelova eller anna regelverk».

Kriterier for å søkje

Alle søknadar vert vurdert opp mot barnehagelova, og kommunen vil foreta ei heilskapsvurdering av barnet sitt behov for tilrettelegging utover det ordinære barnehagetilbodet. Eksempel på tiltak som det kan søkjast tilskot for er støtte til ekstra bemanning, støtte til bygningsmessige endringar/fysisk tilrettelegging eller nødvendig utstyr.

I søknaden må det føreligge skriftleg dokumentasjon på hjelpebehovet til barnet (t.d. frå lege, helsestasjon, barnehabiliteringa eller BUP). Barnehagemyndigheita har høve til å etterspørje ytterlegare informasjon/dokumentasjon dersom det er behov for det (t.d. frå PPT og barnehagen). Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og foreldre/føresette har såleis klagerett på vedtaket. Fylkesmannen er klageinstans. Barnehagen vert sett på som part i saka, og vil motta kopi av enkeltvedtaket når søknaden er behandla. Kommunen skal varslast dersom barnet byter barnehage.

Rapportering

Sykkylven kommune kan krevje at barnehagen sender inn skriftleg rapport på bruken av midlane.



Søknaden gjeld for perioden:	Namn på barnehagen:
	Oppholdstida til barnet per veke:

Namn på barnet:	Namn på føresette (1):
Fødselsdato:	Adresse:
Kjønn:	Telefon:
Morsmål:	Namn på føresette (2):
Adresse:	Adresse:
	Telefon:

Kva type tiltak vert det søkt for (kryss av):
* Fysisk tilrettelegging <input type="checkbox"/>
* Utstyr <input type="checkbox"/>
* Ekstra personale <input type="checkbox"/>
Estimert kostnad for planlagt tilrettelegging:



Kva er det som gjer at barnet treng ekstra tilrettelegging for å kunne nyttiggjere seg av barnehageplassen? (Informasjon om funksjonsevna, behovet for tilrettelegging etc.)

Kva effekt kan ønska tilrettelegging ha?

Kva type tiltak har barnehagen gjort innanfor sine ordinære rammer? (Kva er prøvd ut? Kor lenge? Korleis har tiltaka vore organisert? Kva effekt har det hatt? etc.)



Korleis er grunnbemanninga i barnehagen? (Antall pedagogar og assistentar per barn)

Har barnet fått utgreiing gjennom PPT (kryss av)?

- Ja
- Nei, henvising sendt, men ventar på utgreiing
- Nei

Vedlegg til søknaden/dokumentasjon (kryss av):

- Frå lege**
- Frå helsestasjon**
- Frå PPT**
- Frå HABU**
- Frå BUP**
- Frå barnehagen**

Frå andre:

(Skal leggest ved søknaden)

Stad:	Dato:	Underskrift styrar:	Underskrift føresett:
-------	-------	---------------------	-----------------------